



## Årsmelding 2020

Laget er tilslutta Hordaland sogelag, Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger 4.mars kl. 18. Det møtte 19 medlemar. Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe sto for leining og gjennomføring av møtet.

Møtelyden starta med 1 minutt stille for to medlemar som var gått bort: Anne Karin Melvær og Helge Fadnes.

**Årsmelding 2019:** Kåre Olav Aldal las opp årsmeldinga, som og var kopiert opp og utdelt. Det var fylgjande merknader til årsmeldinga: Grethe: Under «Tilskipingar» kan det føyast til at Sogelaget deltek på jolemarknad på Bolstad. Kulturvandring på Tyssen: Anny Forthun gjorde merksam på at deltakarane fekk servert kaffi hjå Knut Tyssen. Årsmeldinga vart deretter godkjent.

**Økonomi.** Svein Mykkeltvedt delte ut samandrag av rekneskapen for 2019, og gjekk gjennom kvar enkelt post. I 2019 har laget brukt meir pengar enn det som er kome inn på konto. Kapitalen har minka, og rekneskapen viser ein reduksjon på kr 124.372,71. Men Svein gjorde merksam på at ein her må sjå rekneskapen for 2018 og 2019 i samanheng. I 2018 fekk laget eit tilskot frå Statens vegvesen til Postbryggja på kr 100.000. Den reelle reduksjonen i kapitalen er difor kr 24.372,71. Rekneskapen vart godkjent utan merknader.

**Innkomne saker:** Ingen.

**Endring av kontingent og pris for «Frå fjell til fjord»:** Styret ved leiar la fram fylgjande forslag til årsmøtet: Kontingenten vert endra frå kr 350 til kr 400 (1 stk «Frå fjell til fjord» inkludert). For ektepar vert prisen endra frå kr 550 til kr 600. Prisen for sokeskriftet «Frå fjell til fjord» vert endra frå kr 200 til kr 250. For medlemar som kjøper bøker i tillegg til den som er inkludert i kontingenten, vert prisen endra frå kr 150 til kr 200. Vedtak: Forslaget vart godkjent av årsmøtet utan merknader.

I samband med denne saka nemnde Ottar Bergstad at Voss herad gir tilskot til boka «Gamalt frå Voss». Han meinte difor at både Vassvøri sogelag og Vossestrand sogelag burde få tilskot til sine årbøker og. Styret vil handsama denne saka vidare.

**Kåseri.** Karl Ystanes, forfattar av boka «Bolstadelva», fortalde om arbeidet med boka, som kom ut i november 2019. På ein engasjerande måte fortalde han om korleis boka vart til, og nemnde fleire gode episodar som er kome med i boka. Han hadde berre godord å seia om alle som har vore intervjuua. Det har vore gjestfrie og velvillige folk å snakka med. Han fortalde om roaren Leidulv

Bolstad, som i mange vintrar budde på eit gods i England, etter at han vart godt kjend med eigarane av godset, som fleire somrar fiska i Bolstadelva. Forfattaren og Knut Horvei var og besøkte eigaren av godset i samband med boka.

Som takk for kåseriet fekk Ystanes overrekt Bolstadboka av Grethe, i tillegg til spekepølse frå Evanger Pølsefabrikk.

#### **Vedlikehald.**

**Knute Nelson-stova:** Trapp og inngangsparti har lenge vore til forfall. Dette har forverra seg i det siste. Etter synfaring 29.januar 2019 skulle Voss Maskinstasjon gi eit pristilbod på rehabilitering til Voss kommune. 5.januar 2020 gav Voss Maskinstasjon beskjed om at dei ikkje kom til å gi pristilbod, og at dei sa frå seg jobben. Svein Mykkeltvedt kontakta då Kjell Stavenes i Voss kommune om saka. Stavenes fortalde at han hadde kontakta firmaet Stibbyggjaren ved Geir Vetti, og spurt om han kunne vera interessert i denne jobben. Vetti hadde svart at han kunne ta det på seg til våren/ sommaren 2020. Geir Vetti nyttar sjerpaer frå Nepal til stibbygging. På grunn av korona og reiserestriksjonar måtte dette arbeidet setjast på vent. 31.12.2020 var det uvisst kva tid Geir Vetti og hans folk kunne starta arbeidet.

Elles har Knut Mestad frå Vassvøri sogelag utført slått rundt husa.

#### **Biletarkiv.**

Olav Edal har i mange år gjort ein stor jobb med biletarkivet til sogelaget. Etter at Dag og Olav har prøvd å finna ei løysing på arkivering, har me no kome i gang med å leggja inn bilete i webarkiv: Vestland fylkeskommune sitt webarkiv for foto (tidlegare Sogn og Fjordane fylkesarkiv for foto). Dag, Olav, Grethe og Kåre Olav har no fått registrert 125 bilete i dette arkivet. Dag er primus motor og kontaktperson mot Fylkesarkivet. Me er godt i gang, men det er ein møysommeleg jobb, særleg med bilete der det er mange personar. Dette arbeidet vil halda fram i 2021. Når registreringa er ferdig, kan alle søkja opp digitale bilete i arkivet.

#### **Tilskippingar:**

Evangerlaurdag måtte avlysast dette året på grunn av korona.

Kulturvandring: 2.september var det kulturvandring til Bjørgo. Det møtte 12 medlemer. Arne Østerbø, som er fødd og oppvaksen på Bjørgo, møtte oss ved brua der vegen tek av til Bjørgo. Turfylgjet stoppa fleire stader undervegs, der Arne hadde historiar å fortelja om hendingar frå han voks opp. Han ynskte oss velkomen i Heimigarden på Bjørgo med flagget til topps og trekkspelmusikk. Etter ei matøkt ved langbord i løa, fortalde Arne om korleis det hadde seg at foreldra hans kom til Bjørgo og overtok bruksnr. 1. Vidare fortalde han om oppvekst, skulegang, familiesamver, gardsdrift og mykje anna som fengde tilhøyrarane. Låven er fint ombygd til selskapslokale. I vakkert haustver tok me på heimvegen, der me no tok vegen om husmannsplassen Tyskaflåten.



*Turfylgjet i Heimigarden på Bjørge*

### **Ymse**

I juni fekk styret i sogelaget tilbod om å koma og sjå på ymse ting i eit uthus i Stampeneset, i samband med sal av eigedomen. I uthuset var det mange ting etter handelsmannen Kristian Styve, som hadde butikk på Evanger. Nokre medlemmer i styret møtte, og tok vare på ein del ting som heretter vert oppbevart i Heradshuset, mellom anna: Skibindingar, ei trerive, fiskesaker og nokre reklameplakatar.

**Sogeskiftet «Frå fjell til fjord»** var tidleg ute, og kom i hus 18.november. Skriftnemnda gjer eit framifrå arbeid kvart år, med innhenting av stoff, redigering og anna arbeid med boka. Den fekk også i år god omtale i avisa Hordaland. Boka fekk og god omtale i VaksdalPosten. Boka er populær, både blant medlemmar og andre. Ottar Bergstad må nemnast, med stor innsats når det gjeld sal av boka.

**På Heimesida til Sogelaget** finn ein aktuelt stoff som: Presentasjon av sogelaget, aktuelle tilskipingar, bøker for sal, lagssoge, årsmeldingar mm. Heimesida har nettadressa: [www.vassvørisogelag.org](http://www.vassvørisogelag.org).

**Facebook.** Sogelaget har eiga gruppe på Facebook, der det vert lagt ut aktuelle saker, bilete, møteinnkalling mm. Namnet på FB-gruppa er Vassvøri sogelag.

**Møter.** Styret har i 2020 hatt 2 styremøter. Korona må ta skulda for at det har vore liten møteaktivitet.

**Kvelven på Bolstad:** 8.mai var det eit møte med eigar av Gamle Handelslaget (Bua) på Bolstadøyri vedkomande Kvelven, som ligg i kjellaren i dette huset. Grethe og Kåre Olav møtte for sogelaget. Laget har tidlegare restaurert Kvelven, og nytta den til ymse tilstelningar. Ei pensjonistgruppe nytta rommet i fleire år til sosialt samver. Den nye eigaren av huset, Harald Helness, ynskjer no å kunna nytta Kvelven sjølv. Det vart difor skrive ny avtale med sogelaget om bruk av Kvelven. Førrige avtale var frå 2001. Av den nye avtalen går det fram at Sogelaget seier frå på førehand når dei vil nytta Kvelven. Huseigar er interessert i at bygdefolk nyttar Kvelven. Sogelaget betaler ikkje husleige, då møblane, som sogelaget eig, vert ståande og kan nyttast av huseigar.

**Takk for innsatsen:** Grethe delte ut gåver til skriftnemnda, som takk for godt arbeid. Det vanka og gåve til Ottar Bergstad, som gjer ein stor innsats ved sal av sogeskiftet. Per Eskeland har varsla at han no trekkjer seg frå skriftnemnda. Han fekk utdelt eit gåverkort som takk for god innsats gjennom mange år. Per har vore med i skriftnemnda heilt sidan 1999.

Maya Mykkeltvedt går no inn som medlem i skriftnemnda. Både styret og dei andre i nemnda er glad for at ho har takka ja til dette.

**Talet på medlemmar.** Pr 31.12.2020 hadde sogelaget 105 medlemmar.

**Styret i 2020** har vore:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2020

Nestleiar og styremedlem: Knut Mestad, valt for 2 år i 2019

Kasserar og styremedlem: Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2020

Skrivar og styremedlem: Kåre Olav Aldal valt for 2 år i 2020

Styremedlem: Dag Finne, valt for 2 år i 2019

Varamedlemer: Kjellaug Århus og Kåre Tufte, begge valt for 1 år i 2020

Valnemnda for 2020 har vore: Leif Akerlie, leiar. Valt for 3 år i 2017 (går ut av valnemnda).

Anny Forthun, valt for 3 år i 2018 og Jan Rasdal valt for 3 år i 2019.

Ny valnemnd: Leiar: Anny Forthun, valt for 3 år i 2018. Jan Rasdal, valt for 3 år i 2019. Ny: Torild Finsrud Velure, valt for 3 år i 2020.

Revisorar: Ivar Hernes, attvald for 1 år i 2020 og Norvald Lien Mugås, attvald for 1 år i 2020.

Horvei 15.april 2021

Kåre Olav Aldal

skrivar